

Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Inge Kårevik	FA - K54	14/496

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
038/2014	Kommunestyret	PS	11.12.2014

Høyringsuttale Regional plan for Voss-Osterfjorden vassområde 2016 - 2021.

Forslag til vedtak:

Modalen kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynde, og ynskjer å være ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Modalen kommune vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekomstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si mening for därleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. For Modalen kommune gjeld dette spesielt krav til minstevassføring i dei regulerte vassdraga. Dei økonomiske konsekvensane for konsesjonshavarar så vel som Modalen kommune må utgreiaast. Vidare må ein på nasjonalt nivå utgreie konsekvens for regional og nasjonal energiproduksjon av alle vassregionplanane i Noreg.

Konsekvensar for Noregs nasjonale målsettingar og internasjonale avtaler om kutt i utslepp av klimagassar ved å redusere eller avgrense energiproduksjon må også vurderast på nasjonalt nivå.

Modalen kommune vil arbeida med dei tiltaka som kommunen er mynde for eller sjølve har ansvaret for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innan landbruk og kloakk. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.

Til innhaldet i sjølve høyringsdokumenta har Modalen kommune fylgjande merknader:

1. Modalen er oppteken av våre anadrome elv Modalselva. Miljømålet er i planen udefinert, men kommunen meiner at miljømålet for bestandar av laks og sjøaure må vera: Levedyktige bestandar med haustingsverdig overskot. Kalking av Modalselva er viktig for kommunen og bør ta til snarast råd er.
2. Modalen kommune ynskjer ei vurdering av biotoptiltak i Stølselva nedstrøms Stølsdammen.

Det bør vere eit miljø mål å halde ein normal-årstidstemperatur i vassdraget ved tapping av ovarflatevatn og ikkje botnvatn frå Stølsvatnet. Det må vere eit mål å unngå store og bråe svingningar av vassføringa i elva som følgje av produksjonsstopp ved Hellandsfossen kraftstasjon. Sidan den naturlege kalk-kjelda i vatnet frå Holskarvatnet er overført til Evangervassdraget, må dette kompenseraast ved kalking av vassdraget for å kunne opprethalde ein levedyktig bestand av aure og laks.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Vassregionmyndigheita for vassregion Hordaland legg no Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021 med tiltaksprogram ut på høyring og offentleg ettersyn, etter vedtak i fylkeskommunane Hordaland, Rogaland og Sogn og Fjordane. Føremålet med planen er reinare vatn og betre økologi i vassdrag, innsjøar, grunnvatn og kystvatn.

Denne planen er den første av tre slike planar for vassregion Hordaland. Planvedtaka blir i 2015, 2021 og 2027 og arbeidet går fram til 2033. Den regionale planen for Hordaland set miljømål for 1803 vassførekomstar i vassdrag, innsjø, kyst og grunnvatn. Tiltaksprogrammet har 912 tiltak for å førebygge eller forbetra tilstanden der det er naudsynt.

Det viktigaste faktagrunnlaget er samanstilt og vurdert i den nasjonale kunnskapsdatabasen for vassforvaltning, www.vann-nett.no og www.vannportalen.no (sjå side 141-163 med tiltaka for Voss-Osterfjorden vassområde):

<http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=36322&amid=3651898>

Høringsfrist er 31.12.2014. Endelig forslag til plan blir utarbeidd av vassregionmynde som er fylkeskommunen i samarbeid med vassregionutvalet. Slutthandsaming av planen skjer i dei respektive fylkeskommunane våren 2015. Vedtatt regional plan vert sendt over til sentral godkjenning ved Kongen i statsråd innan 1. juli 2015.

Planen gjev regionale og statlege føringar til kommunane, regionale og statlege organ og skal bidra til å samordne og gi retningslinjer for arealbruken på tvers av kommune- og fylkesgrensene. Dersom retningslinjene ikkje vert følgjt, gir dette grunnlag for å fremme motsegn etter plan- og bygningslova.


Den regionale planen fastsett miljøkvalitetsnormer for elvar, innsjøar, grunnvatn og kystvatn. Miljømåla vert fastsett i tråd med §§ 4-6 i vassforskrifta og unntak vert fastsett etter §§ 8-11. Den regionale planen legg føringar for når ein skal ha nådd miljømåla, høvesvis innanfor planperioden 2016-2021 eller utsett til seinare planperiodar (2022-2027 eller 2028-2033).

Tiltaka skal være operative innan tre år etter at tiltaksprogrammet er vedtatt og det er dei ulike sektormynde som er ansvarleg for oppfølginga av tiltaka.


Bakgrunn

I 2007 vedtok Stortinget Forskrift om rammer for vassforvaltninga (vassforskrifta), som

implementerer EUs rammedirektiv for vatn i norsk rett. Formålet med vassforskrifta er å gi rammer for fastsetting av miljømål som skal sikre ein mest mogleg heilsakleg forvalting og bærekraftig bruk av våre vassressursar. Forskrifta skal sikre at det vert utarbeidd og vedteke regionale forvaltningsplanar og tiltaksprogram for kvar vassregion, med sikte på å oppfylle miljømåla. Samstundes skal vassforskrifta syte for at ein sikrar seg naudsynt kunnskapsgrunnlag for å kunne gjennomføre dette arbeidet. Ein skal karakterisere alle vassførekommstar før ein startar på undersøkingar og overvaking som gir grunnlag for tiltaksplanar. Vasskvalitet er stikkordet for alt arbeid, og målet er å oppnå minimum god økologisk og kjemisk tilstand - i utgangspunktet i alle vassførekommstar.



Figur 1. Miljømålet for alt vann er god tilstand.



Figur 2. Planhjulet for gjennomføring etter vassforskrifta.

3. Organisering av arbeidet etter vassforskrifta:

Alt arbeid med oppfølging av vassforskrifta i Noreg er delt inn i vassregionar. Vår kommune er med i vassregion Hordaland og vassområdet Voss-Osterfjorden der Sveinung Klyve er prosjektleiar for Hordaland fylkeskommune i 20 % stilling.

Organisering av vassområdet

Arbeidet etter vassforskrifta vil krevje eit stort engasjement frå kommunane og staten, også etter at vassforvaltnings- og tiltaksplaner er vedtekne. Vassområdeutvalet skal sikre eigarkommunane sin medverknad og forplikting, samt fagleg forankring og kontinuitet i arbeidet mot god kjemisk og økologisk vasskvalitet. Vassområdeutvalet skal også koordinere

det vidare tiltaksarbeidet og være ein arena for kompetanse, erfaring og samhandling.

Korleis planen vil påvirke kommunen

- Som mynde, til dømes for pålegg knytt til spreidd avløp i tråd med forureiningslova. Dette krev lokalpolitiske prosessar rundt vedtak og gjennomføring, ikkje minst fordi dette i hovudsak er private anlegg som ikkje er gebyrfinansiert.
- Som tenesteprodusent, til dømes innanfor VA, landbruk, kraftprodusent eller hamneigar. Dette er område som kan påverke om man når miljømål, og som kan få ansvar for gjennomføring av tiltak. Ein utfordring er at manglande kunnskapsgrunnlag vil kunne medføre pålegg om kostnadskrevjande tiltak utan sikker effekt.
- Som samfunnsutviklar, til dømes i samband med å sikre balanse mellom miljømål og gode rammevilkår for næring (kraftproduksjon, fiskeri, industri). Mål og ambisjonar må balanserast opp mot kostnader og nytte ved tiltaka.

Forankring av planar i kommunen


Vedtekne forvaltningsplanar med tiltaksprogram må innarbeidast i den enkelte kommune sine planar; kommuneplan, kommunedelplanar og handlingsplanar/sektorplanar.

Så langt har Modalen kommune ikkje betalt nokon kostnader knytt til å utarbeida lokale tiltaksanalyser. Hordaland fylkeskommune har dekka dette gjennom eigne og statlege midlar.

I tillegg er det i forslaga til forvaltningsplaner primært definert tiltak som fell inn under kommunen sitt sektoransvar. Det manglar informasjon og tiltaksforslag frå mange andre sektorer. Det kan derfor være fristande å gripe fatt i dei tiltak som allereie er foreslått – kor kommunane har ansvaret for dei fleste. Det vert då ein risiko for at dei endelige tiltaksplanane ikkje er prioritert etter eit kost-nytte-prinsipp, men at tiltaka med mest presise kostnadsvurderingar vert valt.

Om ikkje sektorinteresser som landbruk, fisk , veg, jernbane og energiproduksjon blir med som fullbyrdege påverkare i forvaltningsplan m/tiltaksprogram – og der tiltak vert prioritert ut i frå gode kost/nytte-berekningar – blir det ingen heilskapleg vassforvaltning. Miljømål vil da bli innfridd på ein svært kostnadskrevjande måte, og det vil ikkje være mogleg å innfri alle mål.

Faktasamdrag frå Voss-Osterfjorden vassområde (henta frå tiltaksanalysen)



Nær 66 % (453 stk) av vassførekommstane i Voss-Osterfjorden er i risiko for å ikkje nå målet om god tilstand i 2021. Om lag 30 % av desse (140 stk) er på grunn av forsuring. Vaksdal, Modalen, Osterøy og indre deler av Lindås er påverka av forsuring i høgfjellet. Forsuringa er langtransportert med nedbør frå Europa. Det har vore kalking av mange vatn i vassområdet i perioden frå 1990 og fram til og med 2013. Tilhøva er kraftig betra grunna internasjonale avtalar om utsleppskutt og ingen vatn vert no kalka. Lakseelva Ekso har vore kalka sidan 1997 og dette har gitt god vasskvalitet og medverka til oppgang i laksebestanden.

Tiltaka:

Det er føreslått totalt 117 tiltak i vassområdet (forsuring er ikkje med), der 61 tiltak er i vatn, 56 i elvar og 6 tiltak i kyst (fjord). Problemstillinga med fiskeoppdrett er udefinert og tiltaka er ikkje endelege. Dei fleste tiltak ligg innan vasskraftsektoren med NVE som mynde. Ein del ligg også inne på landbruk, kloakk og gamle avfallsdeponi med kommunen som mynde. Det er føreslått strengare miljømål med badevasskvalitet i: Dyrvo, Bordalselva, Myrkalselva og Opelandstjørna, alle på Voss. Desse er påverka av periodevis høge verdiar av tarmbakteriar.

Når me miljømåla?

Den største utfordinga i vassområdet, er store kraftreguleringar med tørrlagde elvar og regulerte vatn som gjer at mange vassførekommstar kjem i risiko på grunn av endringar i vassføring, vasstemperatur, istilhøve og vasskvalitet. Mange av vassdraga vart bygde ut i 1970-åra då ein hadde liten kunnskap om den negative effekten på vassmiljøet.

Det er i vassområdet 119 kandidatar til sterkt modifiserte vassførekommstar (SMVF), der alle er i vasskraftregulerte vassdrag. I slike vassførekommstar er ikkje miljømålet å oppnå god økologisk tilstand (GØT). Her veg samfunnsinteressene av inngrepet meir enn naturen. Likevel bør ein gjere tiltak for å betre tilstanden mest mogleg. Miljømål vert då å oppnå eit godt økologisk potensial (GØP). For å få dette til må det mage stader gjerast tiltak. Dersom ein ikkje skal utføre tiltak kjem vassførekommsten i mindre strenge miljømål (MSM). 51 av vassførekommstane er komne i kategorien MSM utan tiltak. Dette er tørrlagde elvar (takrenneprosjekt) med bortføring av vatn til kraftføremål. Dei aller fleste ligg i Vaksdal og Modalen. Vilkårsrevisjon er av NVE føreslått som juridisk verkemidde for nokre av desse.

Elles er det føreslått fisketiltak og andre biotoptiltak som kan betre forholda for fisk i vassdraga. For dei lakseførande elvane er miljømålet at gytebestandsmålet er nådd med sportfiske i elva. Ein del tiltak er alt utført av kraftregulanten BKK for å få betre forhold for fisk og natur. Nye tiltak med bygging av fisketrappar, tersklar, minstevassføring lokkeflaumar m.m. kan kompensere for negative verknader av vassdragsreguleringar. Fram mot år 2021 kjem mange av konsesjonane innanfor tidsgrensa der ein kan krevje revisjon. Behov for avbøtande tiltak vil då bli vurdert av NVE i samband med revisjonsprosessen. Nokre få kraftanlegg er så gamle at dei ikkje har konsesjon, men ein kan krevje at desse vert tatt opp til konsesjonsvurdering.

Dei store vassdraga er i ulik grad påverka av diffuse utslepp og avrenning frå landbruk og kloakk. Nokre vassførekommstar er difor i risiko på grunn av dette. Avrenning frå landbruksareal og tilførslar frå avløp frå spreidd busetnad inneheld organisk stoff, næringsstoff og tarmbakteriar. Næringsstoffa kan føre til auka vekst og groe i vassdraga, medan tarmbakteriar kan gjere vasskvaliteten ueigna for andre føremål. Små vassdrag og nedre delar av kraftutbygde vassdrag kan ha tilførslar frå jordbruksavrenning og spreidd

kloakk som påverkar vassdraget kraftig på grunn av redusert vassføring.

Det er kommunane som styrer løyve for utslepp og tiltak mot slik ureining. Voss har dei siste åra gjort ei omfattande overvaking av vassførekomstane og kartlegging av ureining til heile Vossovassdraget. Kommunen byggjer 5 små nye/oppgraderer reinseanlegg til ca 22 mill. kr i Vossovassdraget i 2014-2016 . Dei andre kommunane i vassområdet har ikkje på same måten ei slik oversikt. Betre overvaking må difor setjast i gang i mange område i åra framover. For landbrukssektoren er det behov for nye verkemiddel med auka tilskot til nye tiltak.

Osterfjorden trur me ut frå kunnskapen me har i dag, har god økologisk tilstand i dei fleste områda. Det er mange vågar som går inn til små tettstader i fjordsystemet. Ein del av desse er tydeleg menneskeleg påverka av industri, kloakk, landbruk, fiskeoppdrett med meir, og kan ha dårlig tilstand.

Mange av lakse- og sjøaurebestandane i Osterfjordsystemet har hatt ei negativ utvikling dei seinare åra. Dette gjeld særleg kraftig reduksjon av Vossolaksen og Eksolaksen. Dette skuldast i hovudsak tilhøve som næringstilgang i havet og periodevis stor grad av infeksjon med lakslus og mykje rømt oppdrettsslaks. Me har 5 viktige lakseelvar i området; Vosso, Ekso, Loneelva, Daleelva og Arnaelva.

Brukarinteresser:

Det er konfliktar når det gjeld fiske etter laks og sjøaure på grunn av reduserte bestandar og bruk av vatn og vassdrag til rekreasjon på grunn av endra vassføring og vasskvalitet.

Vurdering av tiltaka i Modalen kommune:

Det er ikkje foreslått tiltak der Modalen kommune har mynde eller ansvar.

Elva i Modalen i nedre del har god vassføring og den spreidde busetnaden med deira små utskepp frå kloakk og landbruk har minimal betydning for Modalsvassdraget.

Forsuring:

Det er planlagt kalking for laks og sjøaure i Modalselva. Dette vil i så fall verta betalt av staten og kjem til å fortsetja i mange år framover. Den laksen som er i elva i dag, skal fiskast ut og det er sett ut genmateriale frå Vossovassdraget, med rognplanting i Øvre del av Modalselva i 2014.

Vasskraftreguleringar.

Ein har her mange takrenneprosjekt i Modalsfjella der elveløp er tørrlagde. Modalsvassdraget står i kategori 1.2 over Miljødirektoratet og NVE si prioritering for revisjon av vassdragskonsesjon. NVE har sagt at det kun er dei i kategori 1.1. som vil verta revidert i denne planperioden 2016-2021. altså ikkje Modalsvassdraget i denne omgangen. Det er derimot foreslått eit tiltak der ein gjer ei vurdering av biotoptiltak og minstevassføring til Stølselva, nedstrøms Stølsdammen.

Det er med 7 tiltak der kraftregultanetn BKK har ansvaret for å kartleggja fisken i 7 innsjøar.

Det er foreslått tiltak i Modalselva for å kartleggja tilhøva i samband med reetablering av laks.

Her er BKK og miljøvernavdelinga ansvarlege for gjennomføringa.

For påverknad av rømt oppdrettslaks er det udefinert kven som har ansvaret for gjennomføringa.

Klimatilpassing.

Det er eit svært aktuelt tema når det gjeld Modalsvassdraget . Ein har i dag eit tett samarbeid med NVE og regulanten BKK om slike problemstillingar.

Kommunestyret - 038/2014

KS - behandling:

Kommunestyret drøfta trong til å forsterke ulike miljømål for Modalsvassdraget i uttalen.

Kommunestyret vedtok samrøystes å innarbeide følgjande tilleggsframlegg til miljømål under punkt 1 i Modalen sine merknader.

- Det bør vere eit miljømål å halde ein normal-årstidstemperatur i vassdraget ved tapping av overflatevatn og ikkje botnvatn frå Stølsvatnet.
- Det må vere eit mål å unngå store og bråe svingningar av vassføringa i elva som følgje av produksjonsstopp ved Hellandsfossen kraftstasjon.
- Sidan den naturlege kalk-kjelda i vatnet frå Holskarvatnet er overført til Evangervassdraget, må dette kompenseraast ved kalking av vassdraget for å kunne opprethalde ein levedyktig bestand av aure og laks.

KS - vedtak:

Modalen kommune ser positivt på arbeidet med å sikre ei felles, bærekraftig bruk av vassressursane på tvers av sektormynne, og ynskjer å være ein aktiv bidragsytar til at måla i vassforskrifta vert nådd.

Modalen kommune vil framheva behovet for å styrkja økonomiske ressursar frå statleg hald for å sikre gjennomføringa av aktuelle tiltak innanfor ulike sektorområde. Slik kommunen ser det, er tiltaka ei grovkartlegging av moglege tiltak, kostnad og kven som har ansvaret i vassførekommstar som i dag ikkje oppnår miljømåla.

Den samfunnsøkonomiske konsekvensen av tiltaka er etter kommunen si meinung for därleg utgreidd til å ta endeleg stilling til tiltaka. For Modalen kommune gjeld dette spesielt krav til minstevassføring i dei regulerte vassdraga. Dei økonomiske konsekvensane for konsesjonshavarar så vel som Modalen kommune må utgreiaast. Vidare må ein på nasjonalt nivå utgreie konsekvens for regional og nasjonal energiproduksjon av alle vassregionplanane i Noreg.

Konsekvensar for Noregs nasjonale målsettingar og internasjonale avtaler om kutt i utslepp av klimagassar ved å redusere eller avgrense energiproduksjon må også vurderast

på nasjonalt nivå.

Modalen kommune vil arbeida med dei tiltaka som kommunen er mynde for eller sjølve har ansvaret for å få gjennomført. Det gjeld tiltak innan landbruk og kloakk. For oppfølging av andre tiltak må kommunane få kompensert for nye oppgåver som følgje av vassforskrifta.

Til innhaldet i sjølve høyringsdokumenta har Modalen kommune følgjande merknader:

1. Modalen er oppteken av våre anadrome elv Modalselva. Miljømålet er i planen udefinert, men kommunen meiner at miljømålet for bestandar av laks og sjøaure må vera: Levedyktige bestandar med haustingsverdig overskot. Kalking av Modalselva er viktig for kommunen og bør ta til snarast råd er.

Det bør vere eit miljømål å halde ein normal-årstidstemperatur i vassdraget ved tapping av overflatevatn og ikkje botnvatn frå Stølsvatnet.

Det må vere eit mål å unngå store og bråe svingningar av vassføringa i elva som følgje av produksjonsstopp ved Hellandsfossen kraftstasjon.

Sidan den naturlege kalk-kjelda i vatnet frå Holskarvatnet er overført til Evangervassdraget, må dette kompenserast ved kalking av vassdraget for å kunne oppretthalde ein levedyktig bestand av aure og laks.

2. Modalen kommune ynskjer ei vurdering av biotoptiltak i Stølselva nedstrøms Stølsdammen.

Vedlegg:

Vedlegg høyringsuttale Regional plan for Voss